



**Sogn og Fjordane  
legeforening**

**DEN NORSKE LEGEFØRENING**

## **Referat frå styremøte Sogn og Fjordane legeforening 03.10.2020, Kviknes hotell Balestrand**

Til stades: Sharline Riiser, AF, Rune Tilseth, OF, Karianne Strønen, OF og Jan Ove Tryti, LSA

Fråfall: Ronny Cassells, leiar, Marit Innerby Isaksen, årsmøtevald, Thakshajini Sivapalan Blegeberg, YLF og Hildegunn Styve Borkamo, OF

Referent: Jan Ove Tryti

Sak 1/20 – Det har ikkje vore styremøte etter årsmøte og val i september 2019. Styremedlemmer er ikkje innmelde til legeforeningen sentralt. Nytt styre er ikkje konstituert. Det er ikkje fordelt oppgåver og det er ikkje vedteke honorarsatsar.

Tiltak:

- Tryti tek kontakt med valkomiteen slik at me får sikker oversikt over innstilling på styremedlemmer. Desse meldast inn til legeforeningen.
- Det må kallast inn til ordinære styremøte. Forslag på fast innkalling første torsdag annankvar månad frå og med november, dvs. styremøte november, januar, mars, mai og september. Styremøte arrangerast på Skei hotell. Tidsramme for styremøte: middag kl. 18. Møte kl. 19-21.

Sak 2/20 – Merkantil ressurs Hordaland legeforening. Forslag om å forsøke å bruke Hordaland sin merkantile ressurs som støtte til kurs og årsmøte. Kostnad er ikkje avklart med Hordaland legeforening. Forslaget må avklarast nærare i neste styremøte.

Sak 3/20 – Me støttar Hordaland legeforening sitt forslag om ei felles heimeside. Domenet vestlandslegene.no er kjøpt av Hordaland legeforening. Dei sjekkar ut kva moglegheiter som finst med legeforeninga sentralt. Eiga facebookside for Sogn og Fjordane er oppretta under styremøtet.

Sak 4/20 – Me opplever det felles styremøtet med Hordaland legeforening som svært positivt og ynskjer felles styremøte med Hordaland ein gong i året. Forslag både frå Sogn og Fjordane og Hordaland om fast møte i april. Neste møte blir fredag 9. og laurdag 10. april 2021 på Voss.